

Turboneger kjem til Festidalen

21.05.2007

**Leiinga for Festidalen er nesten på høgde med Ulvanåso om dagen: Dei har fått Turboneget til å spela under årets festival! Det skjer 4. august.
Dermed blir den eit høgdepunkt for hardrockentusiastane denne sommaren.
I fjor var 1.000 innom Festidalen. I år ventar dei langt fleire.**

Bandet med den profilerte frontfiguren Hank Von Helvete bak mikrofonen er no på Europaturne. I Uskedalen spelar dei den siste konserten under Norgesturneen før dei dreg tilbake til Europa.

Dette blir med andre ord siste sjanse til å oppleve dei legendariske punkrockarane her i landet i denne omgangen.

- Vi er svært glade for at bandet har valt Festidalen som turneavslutning i Noreg denne gongen. Dei er ikkje berre eit enormt namn i norsk målestokk, men også utanfor våre grenser, seier bookingansvarleg Anders Daidalos Dahle på heimesida til Festidalen.

11. juni kjem dei med ei ny plate, som dei har kalla "Retox".

Festivalleiinga kallar med rette Turboneger ei av norsk musikk sine største eksportvarer.

Ellers kjem stonerockarane El Caco, Black Debbah med tung politisk rock, Blind Archery Club, Wave, Ida Maria og Electric Eel Shock.